

-Ein time mindre skjenking ikkje til å leva med

23.05.2012



Dansen går på Systrene Nilsen

Systrene Nilsen får sterk støtte av NHO Reiseliv i Vest-Norge framfor kommunestyret sin drøfting av redusert skjenking med ein time. Organisasjonen ber om at kommunen ikkje reduserar skjenketida etter ein gong men beheld ho uendra for øl og vin fram til klokka 2. Ein ny innstramming er ikkje til å leva med når næringa, blir det understreka i eit brev til dei folkevalde.

NHO Reiseliv som er den største organisasjonen for reiselivet uttaler at hotella konkurrerer med hotell i nabokommunane der ingen har skjenketid til klokka 0100. Dei har heller ingen planar om ein slik reduksjon som no blir føreslege for Kvinnherad for dei neste åra

Konsekvensen blir dermed konkurransevridande. Ei slik innskrenking vil kunne føre til at baren må stengja når gjestene er ferdig med måltidet. Det er ikkje slik publikum ynskjer å feira store dagar og jubileum. Hotella vil ikkje lenger kunne by på eit fullverdig produkt og det vil gå utover lønnsamheita og vil føre til reduksjon i arbeidsplassar i neste omgang.

NHO Reiseliv minnar om at reiselivet og særleg hotellnæringa i distrikta slit økonomisk og treng rammevilkår som gjer det mogeleg å drive lønnsamt. Det er til beste for lokalsamfunnet i form av eit godt tilbod til lokalbefolkning og tilreisande.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen